



Søre Sunnmøre IKT

Årsmelding 2022

Søre Sunnmøre IKT

Innhold

Om samarbeidet	3
Styret.....	3
Organisasjon	4
Bemanning.....	5
Kontorlokale.....	5
HMS.....	5
Økonomi og rekneskap	6
Finansiering.....	6
Rekneskap	6
Drift.....	6
Oversikt drift frå rekneskapen	7
Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen	8
Aktivitetar 2023	9
Overordna aktivitetar	9
Informasjonstryggleik, beredskap og varsling.....	9
Organisasjonsform	10
Tenesteavtale og tenestekatalog	11
DIGI Møre og Romsdal	11
Microsoft 365	11
Helseplattformen.....	12
Avdelingsaktivitetar 2022.....	12
Driftssenter	12
Brukarstøtte	14
Fagområde – helse og omsorg	17
Fagområde – oppvekst	18
Fagområde – økonomi og løn	19
Fagområde - sak- arkiv og portal	20
Vedlegg: Rekneskap 2022	22

Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Serverrommet og driftssenteret er lokalisert i rådhuset på Hareid. Kontorlokala og brukarstøtte er i Dragsund i Herøy kommune. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT-tenester, samt å ha fornøgde brukarar.

Vi er eige rettssubjekt og alle som arbeidar her er tilsette i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT. Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men vart formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT-avdelingar vart førte over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom kommunane her på Søre Sunnmøre går heilt tilbake til 2005 då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap, som no leverer alle dei IKT-tenestene i kommunane, som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT-avdelingar.

Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane.

Styremedlemar per 31.12.2022:

- Ane Malene Søvik Nygård - Herøy kommune (styreleiar)
- Andreas Chr. Nørve- Vanylven kommune
- Monica Cecilie Torp - Ulstein kommune
- Ragnhild Velsvik Berge - Hareid kommune
- Asbjørn Moltudal - Volda kommune
- Eldar Rune Øye - Ørsta kommune
- Oddbjørn Indregård- Sande kommune


I 2022 vart det gjort desse endringane i styret.

- Ane Malene Søvik Nygård vart valt til ny styreleiar.
- Hareid kommune sin styrerepresentant Kariann Bigset gjekk ut og vart erstatta av Ragnhild Velsvik Berge.
- Vanylven kommune sin styrerepresentant Eirik Kobbevik gjekk ut og vart erstatta av Andreas Chr. Nørve.
- Sande kommune sin styrerepresentant Dag Vaagen gjekk ut og vart erstatta av Oddbjørn Indregård.

Det er halde 6 styremøter i 2022, og det har vorte protokollført 28 saker.

Organisasjon

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelovas §27 og er eige rettssubjekt. Tenestene rekneskap, lønn, HR og arkiv vert levert av Ulstein kommune.



Figur 1: organisasjonskart pr. 31.12.2022

Bemanning

Selskapet har per 31.12.2022, 25 stillingsheimlar, med 21 tilsette fordelt på 20,5 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 6 kvinner og 15 menn. Samarbeidet har ein løns- og tilsettingspolitikk som ikkje er diskriminerande.

Det er to tilsette som har gått av med pensjon og ein person som har slutta i løpet av året. I ein arbeidsmarknad med lav arbeidsløyse og rift om IT-ressursane har det vist seg vanskeleg å rekruttere IT-konsulentar, men vi har lukkast med å få på plass ein nyttilsett i avdeling brukarstøtte og ein lærling i 2022.

Stillinga som dagleg leiar har vore vakant i 2 år, og vart lyst ut juni 2022. Guro Gausemel vart tilsett, etter å ha vore konstituert i stillinga sidan september 2020.

Sjukefråværet i 2022 var på 12,2%, fordelt på 9,4% langtid og 2,8% korttid. Langtidsfråværet har ikkje vore arbeidsrelatert, men vi vil setje fokus på å få ned sjukefråværet i 2023.

År	Sjukefråvær	Langtid	Korttid
2022	12,2%	9,4%	2,8%
2021	8,7%	6,8%	1,9%
2020	8,7%	7,1%	1,6%
2019	7,1%	5,4%	1,7%

Kontorlokale

Leigekontrakta på kontorlokale med Ulstein kommune gjekk ut 31.12.2022. Det vart køyrd ein konkurranse på leige av nye lokale som vart sendt ut til dei 7 eigarkommunane. 3 kommunar sende inn tilbod, og nye kontorlokale vart i Nedre Dragsund 2 i Herøy kommune. Flyttelasset gjekk i midten av desember, og vi var klare for drift frå nye kontor januar 2023.

HMS

Det har ikkje blitt rapportert om skader eller ulykker på arbeidsstaden. Selskapet sine tilsette har relevant erfaring og utdanning for det arbeidet dei er sett til å utføre.

Selskapets har ikkje aktivitetar som medfører forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. I anskaffingar er miljø med som tildelingskriterie som krav i forbindelse med t.d. transport, emballasje og straumbruk. Vi har inngått eigen rammeavtale for avhending av brukt IKT-utstyr, der utstyret enten går til gjenbruk eller vert resirkulert.

Det er etablert rutinar for varsling og melding av avvik. Ingen saker er meldt for kategoriene HMS, ytre miljø og organisasjon.

Økonomi og rekneskap

Finansiering

Søre Sunnmøre IKT si finansiering vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel 30/70. 30% vert fordelt flatt på kommunane i samarbeidet og 70% vert fordelt etter innbyggjartal i kvar kommune. Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
11,5%	16,7 %	19,6 %	19,4 %	7,7 %	8,6 %	16,4 %

Folketalet er henta frå SSB pr. 2. kvartal 2022

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltarar kommunane, så den eksakte summen vil avvike litt frå desse prosentvise tala.

Rekneskap

Drift

Selskapet har for 2022 eit driftsbudsjettpå kr. 73 444 858,-

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 7 238 343,-.

Mindreforbruket vert sett av til fond slik det står i vedtekten.

Vi har noko avvik mot budsjett, dette skuldast hovudsakleg:

- Ein stor del av mindreforbruket skuldast langtidssjukefråvær som vi ikkje har dekt opp med vikarbruk. Vi har ikkje budsjettert med sjukepengerefusjon.
- Vi har hatt 3 personar i foreldrepermisjon, der vi ikkje har dekt opp med vikarbruk.
- Vi har hatt vakante stillingar som har vore utlyst, men der ingen har blitt tilsett.
- Avdrag vart mindre enn det som var budsjettert.
- Vi hadde eit meirforbruk på Microsoftlisensar grunna overgang til M365.

Under ligg oversikt over drift og investeringsrekneskapen. Fullt rekneskap ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Oversikt drift frå rekneskapen

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Opphaveleg budsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter				
Rammetilskot	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	0	0	0	0
Overføringer og tilskot frå andre	-72 762 381	-71 799 858	-63 056 031	-62 781 785
Brukarbetalingar	0	0	0	0
Sals- og leigeinntekter	-10 530	0	0	0
Sum driftsinntekter	-72 772 911	-71 799 858	-63 056 031	-62 781 785
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	14 592 425	19 391 831	17 724 507	14 616 847
Sosiale utgifter	3 718 068	5 480 817	5 480 817	3 915 585
Kjøp av varer og tenester	29 919 121	29 295 300	29 295 300	23 486 770
Overføringer og tilskot til andre	7 094 403	7 076 503	0	8 832 246
Avskrivningar	11 209 419	11 209 419	0	10 730 653
Sum driftsutgifter	66 533 436	72 453 870	52 500 624	61 582 100
Brutto driftsresultat	-6 239 475	654 012	-10 555 407	-1 199 685
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-803 590	0	0	-343 183
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	364	0	0	0
Renteutgifter	866 511	649 068	649 068	328 855
Avdrag på lån	10 147 266	11 551 339	11 551 339	10 415 000
Netto finansutgifter	10 210 551	12 200 407	12 200 407	10 400 672
Motpost avskrivningar	-11 209 419	-11 209 419	0	-10 730 653
Netto driftsresultat	-7 238 343	1 645 000	1 645 000	-1 529 666
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	7 238 343	-1 645 000	-1 645 000	1 529 666
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	7 238 343	-1 645 000	-1 645 000	1 529 666
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0

Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering					
Rekneskap					
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Justeringer 2022	Opphaveleg budsjett 2022	Rekneskap 2022
Investeringsutgift					
Investeringar i varige driftsmiddel	13 670 512	20 239 437		11 575 000	19 390 293
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	14 656	0	0	0	14 298
Utlån av eigne middel	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgift	13 685 168	20 239 437	0	11 575 000	19 404 591
Investeringsinntekt					
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 738 902	-3 887 887	0	-2 315 000	-3 847 280
Tilskot frå andre	-668 689	0	0	0	-475 786
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-10 262 921	-16 351 550		-9 260 000	-15 067 228
Sum investeringsinntekt	-13 670 512	-20 239 437	0	-11 575 000	-19 390 293
Vidareutlån					
Vidareutlån	0	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	0	0	0	0	0
Netto utgift vidareutlån	0	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsettingar					
Overføring frå drift	0	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-14 656	0	0	0	-14 298
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-14 656	0	0	0	-14 298
Framført til inndeckning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)					
Inntekter til fordeling	0	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	19404591,29	0	55665936,323	19666250	19404591,29
Sum til fordeling (netto)	19 404 591	0	5 565 936	19 666 250	19 404 591

Aktivitetar 2023

Fyrste del av 2022 vart, i likskap med store delar av 2021, prega av koronapandemien. Grunna smittevernstiltak nytta fleire av dei tilsette i Søre Sunnmøre IKT dei fyrste månadane på heimekontor. Etter påske normaliserte tilværet seg og vi kunne endeleg få ta til med fysisk oppmøte på kontoret igjen.

Gjennom pandemien, og med krig i Europa i tillegg, har det oppstått leveranseproblem på mykje av det utstyret som vi nyttar. I store delar av 2022 var det leveringstid på alt frå 3 til 12 månader på IT-utstyr. Etter erfaringar med leveranseproblem også i 2021, har vi i 2022 gått for større innkjøp og hatt eit lite lokalt lager med kritisk utstyr. Til trass for nok eit år som har vore prega av pandemi har vi fått gjennomført mange aktivitetar og prosjekt. Under er det skildra kva som har skjedd på overordna nivå, og i dei ulike avdelingane.

Overordna aktivitetar

Informasjonstryggleik, beredskap og varsling


Vi står framleis overfor auka risiko for digitale angrep. I 2022 har fleire bedrifter vorte råka av alvorlege digitale angrep, og trusselvurderingane gjort av Norsk Sikkerheitsmyndighet (NSM) i rapporten nasjonalt digitalt sikkerheitsbilde, syner at vi står ovanfor auka risiko for digitale angrep. Ein global pandemi, i tillegg til krig i Europa har ført til at den tryggleikspolitiske situasjonen har endra seg dramatisk i løpet av kort tid. Det digitale risikobildet er prega av stadig aukande kompleksitet i system og teknologi.

Noreg ligg langt framme i innovasjon og digitalisering. Sjølv om dette gir moglegheiter auka samhandling, effektivitet og smidigkeit på tvers av sektorar og tenester, så representerer det samstundes ei stor auke og ein ny kategori av trugslar mot kritiske samfunnsfunksjonar. Den teknologiske utviklinga gir store moglegheiter, men fører også med seg tryggleiksutfordringar. Tidlegare har vi hatt alle våre system etablert i vårt driftssenter, no har fleire system blitt flytta ut på leverandørane sine skyløysingar. Det fører til at vi gir frå oss litt av kontrollen, og er avhengig av at leverandørane tek ansvar for tryggleiken i sine system. Digitalisering skjer raskt og fokuset på tryggleik må prioriterast allereie i anskaffingsfasa.

God risikostyring, rett bruk av kompetanse og tydlege mandat på tvers av organiseringa er nøkkelforutsetningar for å lykkast med IT-tryggleik i møte med stadig meir sofistikerte trusselaktørar.

I 2022 var SSIKT gjennom ein ekstern tryggleiksrevisjon. Formålet med revisjonen var å identifisere kva område SSIKT og kommunane må fokusere på for å forbetra tryggleiksnivået. Revisjonen vart utført av konsulentenselskapet KPMG.

Revisjonen starta med ein gjennomgang av kva kjerneprosessar og kjernesystem som vert nytta og korleis grensesnittet mot kommunane fungerte. Vidare vart det utført ei trusselvurdering som så vart lagt til grunn for ei sårbarheitsanalyse der KPMG vurderte nivået av sårbarheiter sett opp mot NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Arbeidet resulterte i ein rapport med anbefalte tiltak.



I tillegg til tryggleiksrevisjon utførte KPMG eit simulert phising-angrep for å teste dei tilsette sine evner til å oppdage og varsle om slike type angrep. Alle kommunane i samarbeidet var med i denne testen, og fekk resultata i ein eigen rapport. Det simulerte phisingangrepet vart etterfylgt av eit digitalt kurs i informasjonstryggleik som vart sendt ut til alle tilsette.

Med auka risiko for digitale angrep må vi vere forberedt på korleis vi skal handtere ein slik situasjon. Søre Sunnmøre IKT har utarbeidd ein ny beredskapsplan i 2022. Denne planen har vore på høyringsrunde i alle eigarkommunane, og det er viktig at kommunane sjølv har planar for korleis ein kan levere tenester ved bortfall av digitale verktøy. Vi har også laga til eit eige varslingssystem som skal ivareta informasjon ut til kommunane i ein eventuell beredskapsituasjon.

Det har blitt meldt inn 4 avvik i vårt kvalitetssystem i kategorien personvern og Informasjonssikkerheit GDPR, alle med alvorsgrad låg.

Vi har saman med dei andre IT-samarbeida i fylket starta arbeidet med å anskaffe ein ekstern tryggleikspartner, og dette vil vere på plass i 2023.

Organisasjonsform

Etter at ny kommunelov vart vedtatt 8. juni 2018 er det klart at §27 samarbeidsforma går ut og vert erstatta av to nye samarbeidsformer, kommunalt oppgåvefellesskap og interkommunalt politisk råd. Interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova av 1992 §27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan fire år etter at den nye kommunelova trer i kraft.

Tenesteavtale og tenestekatalog

I 2022 har vi arbeidd vidare med tenesteavtalen som regulerer dei konkrete tenestene som skal leverast til kommunane gjennom Søre Sunnmøre IKT. Tenestene er spesifisert i Tenestekatalogen, som er ein del av denne avtala. IKT-tenestene skal støtte opp under kommunane sin digitaliseringsstrategi og digitaliseringsarbeid.

Formålet med Tenesteavtalen er å definere ansvar og rolledeling mellom Søre Sunnmøre IKT og kommunane. I tillegg skal Tenesteavtalen definere servicenivået som Søre Sunnmøre IKT skal yte til kommunane. Tenestekatalogen er ein del av tenesteavtalen og er utarbeidd på grunnlag av §27-samarbeidet Søre Sunnmøre IKT. Tenestenivået vert i tillegg definert som følgje av vedtak gjort i styret og vert påverka av det strategiske arbeidet som blir initiert gjennom budsjett og andre styringsdokument. Tenesteavtalen skal utarbeidast i samarbeid mellom Søre Sunnmøre IKT og samarbeidskommunane.

DIGI Møre og Romsdal

Søre Sunnmøre IKT har delteke i aktivitetar knytt til Digi Møre og Romsdal. Føremålet med Digi Møre og Romsdal er å etablere eit regionalt samarbeid om digitalisering, der ein skal:

- Dele gode digitale løysingar på tvers og sjå på samarbeid gjennom felles prosjektoroversikt.
- Samarbeide med andre regionale digitaliseringssamarbeid gjennom regelmessige samlingar og erfearingsutveksling.
- Samarbeide om utrulling av nasjonale ordningar og felleskomponentar.
- Auke digital kompetanse gjennom fagspesifikke nettverk med deling av kompetanse og erfaringar.
- Samarbeide om tenesteinnovasjon og initiere fellesprosjekt for interesserte kommunar.
- Legge grunnlag for ein felles strategi med utgangspunkt i eksisterande strategiar og samanfallande fokusområde.

I 2022 har mykje av aktivitetane i DigiMR vore prega av etablering av fagnettverk og førebuingar til samarbeidet sin overgang frå prosjekt til drift.

Dagleg leiar i Søre Sunnmøre IKT er medlem i arbeidsutvalet for Digi M&R, samt i IKT-strategisk forum der målet er tettare dialog mellom IKT-miljøa i fylket.

Microsoft 365

Innføringa av Microsoft 365 har blitt køyrd som eigne prosjekt for kvar kommune. Dette er ei omfattande omlegging, der mange av dei tilsette i kommunane skal ta i bruk nye verktøy for kommunikasjon og samhandling.

Formålet med innføringa var å gå over på ei ny plattform for dokumentsamhandling og fillagring som enklare kan integrererast mot andre skybaserte system i framtida. I tillegg også erstatte eksisterande Microsoft avtalar.

Ved overgang til Microsoft 365 har vi flytta all dokumentasjon frå heimeområdet til brukarane til deira personlege OneDrive område. Informasjon som har vore lagra på fellesområda har blitt flytta til Teams/SharePoint. Det er lagt til rette for at vi etter kvart kan slette all informasjon som tidlegare har vore lagra på lokale filserverar.

Kommunane har oppretta eigne prosjektgrupper, og jobba saman med superbrukarar i organisasjonen. Dei har saman med SSIKT rydda i brukaroversikta i AD, dei har brukt tid på å finne fram til riktig Teams-struktur for organisasjonen, dei har laga tilpassa opplæringsløp og informasjonsarbeid for eigen organisasjon.

SSIKT har støtta prosjektleiar og prosjektgruppe i kvar kommune. Vi har også hatt fokus på dei tekniske løysingane og sikkerheit i oppsettet.

Helseplattformen

SSIKT har følgt kommunane sine lokale innføringsleiarar (LIL) tett i arbeidet med forprosjekt for innføring av Helseplattformen, og bidreg i eller tek hovudansvar for ei rekke arbeidspakkar knytt til integrasjon, datamigrering, sluttbrukarutstyr og teknisk oppsett. Vi deltek både i vektentlege samarbeidsmøte for LIL i våre kommunar, i dialog med Helseplattformen, i møter med andre kommunar i innføringsløpa PD3 og KI1, og i erfarsingsdeling frå kommunar som allereie har teke Helseplattformen i bruk.

For å straumlinjeforme dette arbeidet mest mogleg har vi eitt kontaktpunkt inn til oss for alle spørsmål som omhandlar Helseplattformen. Alle spørsmål frå kommunane skal rettast til Inge Pettersen i SSIKT, primært via etablerte kanalar i MS Teams eller i faste møter. Dette gjer vi for å sikre at alle kommunane får informasjon på ein koordinert måte, med likt innhald og til same tid. I tillegg reduserer det belastninga på brukarstøtte og driftssenteret hos SSIKT.

Det er etablert ein [FAQ som skildrar tekniske krav og anbefalingar i Helseplattformen](#), samt korleis bestilling av sluttbrukarutstyr skal gjerast. Informasjonen frå Helseplattformen er fragmentert og ofte lite tilgjengeleg. Vi samlar denne og tydeleggjer den etter beste evne, etterkvart som den kjem til oss.

At SSIKT er tett involvert i arbeidet sikrar at vi tek i vare kommunane sitt behov for informasjon og raske avklaringar på ein best mogleg måte, og samstundes kan utføre oppgåver vi har ansvar for til rett tid. Ved at kommunane har eit kontaktpunkt for alle spørsmål sikrar vi at alle får korrekt og lik informasjon gjennom heile innføringsløpet. Det ein kommune lurer på vil gjerne fem andre også stille spørsmål om i løpet av kort tid.

Avdelingsaktivitetar 2022

Driftssenter

Generelt

Avdelinga har hatt ei vakant stilling gjennom året og det har vore eit stort behov for å få inn ein person til med god kompetanse innan enkelte fagfelt, som til dømes Azure/M365. Vi er

så heldige at denne personen fann vi internt hos Brukarstøtte, ein som har lagt ned mykje arbeid på eiga fritid og vidareutdanna seg innan Microsoft-porteføljen og då spesielt det som er skybasert. Det vert difor ei intern omrokking, der vi hentar ein person frå Brukarstøtte og lyser ut ei stilling i den avdelinga i staden for.

Fagsystem

Denne avdelinga oppgraderer jamt og trutt fagsystem gjennom året. Vi har framleis mange system køyrande på lokale serverar. Dette vere seg pasientvarsling, adgangskontroll, byggstyring, kommunaltekniske system, journalsystem for lege/helse, barnevern, NAV – for å nemne nokre. Enkelte system oppgraderar vi i si heilheit sjølv, for andre kan det vere leverandørar som er inne og gjer ein bit medan vi endrar det som trengs i infrastrukturen.

Infrastruktur

Som tidlegare år har vi hatt stort trykk på arbeidet med nettverk, både utskifting av aldrande komponentar i switch- og WiFi-infrastrukturen, men også eit titals mindre og større utvidingsprosjekt i kommunale bygg. Arbeidet med omlegging til eit meir moderne og tryggare aksessnett, med autentisering på alle switchportar, er ved utgangen av året omtrent 70% ferdigstilt. Planen er å kome i mål med dette i løpet av 2023.

Leveringssituasjonen for slikt utstyr er framleis utfordrande. Vi har likevel klart å få fatt i tilstrekkeleg utstyr gjennom pandemiåra fordi vi har hatt høve til å gjere store bestillingar på vegne av kommunane. På denne måten har vi som regel hatt litt utstyr på lager til ei kvar tid og dermed fått gjennomført alt kommunane har kome med av nye behov, og så skyvd litt på utskiftingstakten av gammalt utstyr i staden for der det har vore mogleg.

Overgang til ny og moderne løysing for sikker print (Papercut) vart ferdigstilt i 2022. Dette systemet gir oss stor fleksibilitet i oppsett av skrivarar og kopimaskiner og tilgang til ein god del fleire funksjonar som det tidlegare systemet ikkje støtta. Mellom anna får no brukarane opp dei funksjonane dei skal ha uansett kva maskin dei loggar inn på, og er ikkje avgrensa til særskilte maskiner slik det tidlegare var. I tillegg kan vi produsere veldig detaljerte rapportar til kommunane i høve bruk, talet på utskrifter og kopiar med meir, skulle det vere interessant.

Autentiseringsløysing frå Buypass basert på FIDO2 vart implementert i løpet av seinsommar/tidleg haust. Løysinga skal i fyrste omgang nyttast mot Kjernejournal og Helseplattformen, men vi har implementert og utvikla det slik at vi kan gjere same typen autentisering for andre tenester etter kvart. Vi har eit mål om at slike viktige tenester som autentisering må vere så straumlinjeforma som råd, og dei tilsette må helst berre ha ei løysing for dette på sikt, så dette feltet har fokus i åra som kjem også.

Azure og Microsoft 365 er eit område som har teke opp mykje ressursar i denne avdelinga gjennom heile året. Ein kan ikkje ta i bruk M365 utan god planlegging og god testing av løysinga. Vi har i løpet av året migrert ut alle personlege lagringsområde og fellesområde som kan ligge i skya. Det står likevel att ein god del tilsette innan helse og omsorg, som også må flyttast til M365 når også e-post er migrert til Exchange Online.

Brukarstøtte

Avdelinga har 3-4 personar dedikert til brukarstøtte alle vekedagar 8-16. Desse har då eit hovudansvar for å handsame saker som vert meldt inn via telefon, e-post og brukarstøtteportalen.

Vi fekk nytt brukarstøtesystem siste halvår 2021. Vi har nytta 2022 til å lage skjema for bestilling og bygge flytar. Fokuset har vore å lage eit oppsett der vi får inn den informasjonen vi treng for å sleppe å etterspør meir informasjon, og for å løyse flest mogleg saker på fyrste kontakt. I tillegg har vi bygd opp sjølvhjelpsportalen med innhald som vi ser dei tilsette i kommunane kan ha nytte av. I tillegg til å løyse saker skal vi jobbe førebyggande. Vi skal ha oversikt over kva saker som går igjen, og sette inn tiltak for å få ned talet på enkelte saker for eksempel ved hjelp av opplæring, brukarrettleiing osv.

I 2022 kom det inn 14 870 saker til brukarstøtte. Figurane under syner kommunevis fordeling der ein også ser sakstype.

Forklaring av sakstypar:

Bestilling: Bestilling av varer og tenester. Til dømes er oppretting av brukarkonto eller installering av programvare kategorisert som bestilling.

Førespurnad: Hjelp med bruk av programvare og utstyr. Kategorien vert brukt når tilsette treng hjelp utan at noko er gale. Til dømes legge inn e-post på mobil.

Hending: Brukt når noko ikkje fungerer som tiltenkt. Til dømes PC ladar ikkje eller ei teneste er utilgjengelig.




Diagrammet syner det totale talet på saker per kommune oppretta i 2022. Merk at lågt tal for Ørsta kjem av at SSIKT ikkje driftar brukarkontoar og datautstyr for lærarar og elevar i Ørsta.



Diagrammet syner fordeling av saker per kommune i prosent.



Diagrammet syner tal på saker for kommunen delt på aktive brukarkontoar registrert i kommunen. Med andre ord eit snitt for talet på saker per tilsett.



Diagrammet syner den interne fordelinga mellom sakstypar for kvar enkelt kommune. Fordelinga mellom sakstypane kan nyttast til å få eit inntrykk av kva tiltak som kan gjerast for å redusere talet på saker. Til dømes kan eit høgt tal for "førespurnad" tyde på at dei tilsette treng betre opplæring.

Brukarstøttesystemet vert også brukt til endringshandtering – om det er ynskjer som kjem inn frå kommunane, eller endringar som vi har planlagt sjølve, skal dette registrerast. På denne måten har vi god oversikt over alle endringar som vert utført i våre system.

I 2022 har vi i tillegg hatt fokus på å bygge interne rutinar. Dette er eit arbeid alle dei tilsette i avdelinga har bidrige til. Rutinane skal vere nedskrive, skal oppdaterast ved endringar og vere lett tilgjengeleg.

Mot slutten av året har vi innført krav og fristar som er definert i ny tenesteavtale og tenestekatalog. Vi har lagt inn definerte tenestemål og ulike prioriteringar i vårt brukarstøttesystem.

Talet på einingar som vi skal drifte og supportere held fram med å auke. Kommunane skal løyse samfunnsoppdraget på nye måtar og digitalisering er eitt av tiltaka. Vi jobbar med å automatisere og straumlinjeforme leveransen vår.

Fagområde – helse og omsorg

Autentiseringsløysing: Buypass FIDO2

Buypass FIDO2 vart i mars 2022 valt som autentiseringsløysing mot Kjernejournal og Helseplattformen for kommunane i Sjøstjerna. SSIKT har på vegne av kommunane inngått nødvendige avtalar med Buypass, og sørga for at det tekniske fungerer slik det skal. Løysinga vart sett i drift 20.09.2022. Ei veke seinare vart nødvendig utstyr utlevert til kommunane, og kommunale operatørar har fått opplæring i jobben med onboarding av tilsette.

Fram mot driftsstart for Kjernejournal vil desse operatørane jobbe med å utlevere Yubikey og tildele FIDO2 nøklar til sjukepleiarar, vernepleiarar og sjukeheimslegar i kommunane. SSIKT har rigga seg for å gi brukarstøtte på løysinga.

SSIKT deltok også i ein felles anbodskonkurranse for kjøp av Yubikeys til Helseplattformen, saman med dei fleste kommunar og IT-samarbeid i fylket. Dette er den fysiske "dingsen" som er berar av FIDO2 eID. Anskaffinga vart gjennomført av ROR-Innkjøp og ga oss ein betre pris på Yubikeys enn eksisterande avtalar.

Å nytte identisk autentiseringsløysing for både Kjernejournal og Helseplattformen har vore eit bevisst val. Dette er arbeids- og kostnadssparande for både kommunane og SSIKT, og at vi får tatt i bruk løysinga for ca. 500 tilsette tidleg i 2023 vil gi verdifull erfaring og vesentleg forenkle den store jobben når fleire tusen tilsette skal ta i bruk same løysing knytt til Helseplattformen.

Autentiseringsløysinga inneber at kommunane må registrere fødsels- eller D-nummer (11-siffer) for alle nye tilsette i helse- og omsorgssektoren ved oppretting av AD-konto. Dette er ein føresetnad for slik autentisering. SSIKT har tilrettelagt vår sjølvbeteningsportal for dette.

IPLOS kvalitet og rapportering

Etter to år med covid-19 og ingen kurs i regi av Statsforvaltaren på området, viste IPLOS-tala aukande feil og manglar. Mykje grunna manglande opplæring og kunnskap om korleis dette skal registrerast korrekt i Gerica. SSIKT gjorde ei kartlegging i januar 2022 der vi fann 34% feil. Det vart gjennomført møter med sakhandsamarnettverket, systembrukarar for Gerica og enkelte leiarar for å avdekke fallgruver og lage ein plan for korleis ein kunne rette opp data for 2021.

SSIKT gjennomførte ei ny innrapportering av IPLOS-data for 2021 i februar, der kommunane hadde fått redusert feilprosenten noko. Det vart utarbeida sjekklistar og kursmateriell, og gjennomført eit interkommunalt kurs i mars med ca. 35 deltakarar frå alle kommunane. I etterkant av kurset skulle den einskilde kommunen gjennomføre internopplæring lokalt, og etablere betre rutinar for regelmessig ajourhald av IPLOS. Dette skulle gjennomførast før sommarferien 2022.

Frå februar 2022 utfører SSIKT kontroll av IPLOS kvar veke og oppdaterer kommunane om status. Feilprosenten er på veg ned.

Korrekt IPLOS-rapportering sikrar at statistikk for området vert meir påliteleg og gir betre styringsdata (KOSTRA) for både kommunane og Staten. Under- og feilrapportering av

IPLOS kan medføre at kommunane får mindre rammeoverføringer frå Staten enn dei kunne fått.

Gerica: Integrasjon mot fastlegeregister

Tidleg i juni 2022 vart Gerica integrert mot fastlegeregisteret. Dette inneber at ein no har automatisk oppslag av kven som er den einskilde pasient sin fastlege, og slepp å etterspør og ajourhalde dette manuelt.

Integrasjonen sparar tid for dei tilsette og aukar kvaliteten i journal. Samhandling mellom kommunale tenester og fastlege går raskare via elektroniske meldingar når ein slepp å undersøke dette manuelt.

E-meldingar til fastlege med vedlegg

Etter oppgradering av HsPro i februar og Gerica i mai 2022 er det no støtte for å kunne sende vedlegg i elektroniske meldingar til fastlege og andre. Dette er ein nyttig og etterlengta funksjonalitet, som t.d. gjer at helsestasjonane no kan sende med vekstkurve for barn eller helsekort for gravide i ei melding til fastlegen.

